



Vår saksbehandlar
Christian Rekkedal – tlf 57 72 32 42
E-post: cre@fm-sf.stat.no

Vår dato
13.06.2003
Dykkar dato
24.03.2003

Vår referanse
2003/4009-2/544

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 / 828	Doknr.: 31
Mottatt: 16 JUN 2003 MP/sdd	
Saksbeh.: CHO	Ark.: 450
Kopi:	Avskr.:

Det Kongelige Landbruksdepartement
Postboks 8007 Dep.
0030 Oslo

Høyring - Forslag om endring av dyrevernloven - tilsynsmodell og virkemidler

Vi viser til brev datert 24.03.03 med høringsfrist 15. juni.

Desse endringane er delvis grunngjeve med endringane i tilsynet og oppretting av Mattilsynet frå 01.01.2004, men samstundes inneheld det konkrete forslag for å styrke verkemidla i dyrevernlovgjevinga. Det vil kome ein fullstendig gjennomgang av dyrevernlova no etter at Stortingsmelding nr 12. om dyrehald og dyrevelferd er handsama i Stortinget.

Kommentar til nokre av endringane

§ 3, styrking av inspeksjonsretten

Vi har ingen merknad til at denne retten vert styrka, mellom anna ved at ein ikkje treng samtykke for å inspisere dyr som går ute, og at tilsynet om naudsynt kan inspisere dyrerom utan at eigaren er til stades.

§ 6, varslingsplikt

Etter framlegget skal ein melde frå til tilsynet dersom det er grunn til å tru at dyr kjem i fare for alvorleg vanrøkt eller skade. Opplysningar om kven som har varsla tilsynet vil vere underlagt teieplikta. Tilsette i kommunal og statleg landbruksforvaltning kan kome bort i saker som vert aktuelt å melde til tilsynet etter denne regelen. Som regel er det såpass god kontakt mellom landbruksforvaltninga og det lokale dyrehelsetilsynet at tilsynet også til no har fått melding om slike tilfelle, men det finst også tilfelle der ein av ulike grunnar har vegra seg mot å kople inn tilsynet. Vi er derfor samde i at ei slik varslingsplikt bør instituerast som ei plikt for å sikre betre dyrevelferd.

§ 23, tilsyn og tiltak

Etter forslaget vert tilsyns- og vedtakskompetansen lagt til departementet for vidare delegasjon til Mattilsynet. Departementet går inn for at dyrevernemndene skal vere rådgjevande og ikkje ha vedtaksrett som i dag, og dessutan verte oppnemnt av Mattilsynet. I dag vert desse nemndene oppnemnt av fylkesmannen etter framlegg frå kommunane, og distriktsveterinæren er sekretær for nemnda.

I innstillinga frå Næringskommiteen på Stortinget (Innst. S nr 26 (2002-2203)) går fleirtalet i mot å redusere nemndene si rolle i dyrevernarbeidet. Dermed vil det vere nemndene som har

fullmakt til å gjere vedtak etter lova, og med det lokale mattilsynet som sekretær for arbeidet. Ein naturleg konsekvens av dette vert at Mattilsynet ikkje kan stå for oppnemninga av nemndene, ikkje minst av omsyn til nemnda sitt omdøme og posisjon. Desse nemndene bør derfor framleis verte oppnemnt av fylkesmannen, etter forslag frå kommunane i dei enkelte lokale tilsynsområda.

Andre forslag til endringar

Vi har ikkje merknader til dei andre forslaga som er teke med for å styrke verkemidla for å få betre dyrevelferd. Dette gjeld:

- at tilsynet kan pålegge ein dyreeigar å avvikle dyrehaldet i inntil 1 år, eller til det ligg føre eigen dom om framtidig dyrehald.
- at tilsynet kan krevje dyr avliva straks
- at eigaren har plikt til legge fram opplysningar
- at tilsynet kan offentleggjere informasjon om dyrevernsaker i anonym form
- at det vert etablert eit dataregister for dyrevernsaker
- at tilsynet frå rett til å pålegge tvangsmulkt for å få gjennomført tiltak

Oppsummering

Med unntak av forslaget om kven som skal oppnemne dei lokale dyrevernnemndene, sluttar vi oss altså til alle forslag til endringar.

Med helsing


Per Ingolv Nygård
landbruksdirektør


Christian Rekkedal
Fylkesjordsjef